

## VEDTEKTER FOR KYRKJESTOVA

### 1. FØREMÅL MED VEDTEKTENE

Kyrkjestova er eit bygg vi ynskjer skal bli brukt, til glede og nytte for kyrkjelyden og folk i bygda. Vedtektene er utforma for at dette kan skje på beste måte, i tråd med dei ideal ein har for bruken og slik at vi kan ta godt vare på lokala for framtida.

### 2. EIGAR- OG DRIFTSANSVAR

Stiftinga "Kyrkjelydshus i Vik", ved styret, er eigar av kyrkjestova og er ansvarleg for drifta og for vedlikehald av bygg og inventar. Det er utarbeidd egne vedtekter for stiftinga. Styret har 5 medlemmer. 4 er valde på kyrkjelyden sitt årsmøte. Soknepresten er fast medlem.

### 3. BRUK AV KYRKJESTOVA

Lokala skal dekkja kyrkjelyden sin trong for arbeidslokale og dei kan leigast ut til friviljuge lag og organisasjonar, private, slutta arrangement, og andre. All verksemd i lokala må gå føre seg i former som ikkje står i motsetnad til grunnlaget for Den Norske Kyrkja. Lokala kan ikkje leigast ut til føremål / arrangement som strir mot dette, eller som styret ut i frå desse intensjonane vurderer som ikkje ynskjeleg. Ein ynskjer ikkje bruk av tobakk eller rusmiddel i lokala. Ein ynskjer heller ikkje spel om pengar og varer. Unnateke her er utlodningar, basarar o.l. som har ideelle føremål som styret kan godkjenna.

### 4. REINHOLD OG RYDDING

Alle som nyttar lokala må gjera reint etter seg. Alle rom som har vore i bruk og alt inventar og utstyr skal forlatast i den stand dei / det var før bruk. Ved vanlege kyrkjelydsarrangement i soknerådet eller dei kyrkjeleg tilsette sin regi, syter styret for reinhaldet. Dette gjeld og når kyrkjestova vert nytta til offentlege / oppbyggjelege møte.

### 5. HUSLEIGE

Ved utleige av lokale og utstyr skal fylgjande leigesatsar nyttast:

| Rom.....                                                                                                          | Leigesats inkl. vasking |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------|
| - Bruk av heile huset, inkl. kjøken                                                                               | 2900,-                  |
| - Bruk av begge salane                                                                                            | 1800,-                  |
| - Bruk av stor sal                                                                                                | 1400,-                  |
| - Bruk av liten sal                                                                                               | 1100,-                  |
| - Bruk av møterom                                                                                                 | 550,-                   |
| - Bruk av loftsrommet                                                                                             | 900,-                   |
| - Tillegg for bruk av kjøken (Ved enkel bruk av kjøken til mindre grupper vert det ikkje teke leige for kjøkenet) | 700,-                   |
| - Fastsum pr. utlån av utstyr (i tillegg til stk.-pris pr. utstyrseining), til administrasjon, vask o.l.          | 300,-                   |
| - Pr. bestikkdel (nytt Hardangerbestikk vert ikkje utlånt)                                                        | 2,-                     |
| - Pr. serveringsskål o.l.                                                                                         | 35,-                    |
| - Pr. bord (kun "bedehusborda" med raude bein vert lånt ut)                                                       | 35,-                    |
| - Bruk av dukar på Kyrkjestova. Pris pr. duk inkl. vasking (dukane vert ikkje lånt ut)                            | 150,-                   |
| - Hjelp til servering, pådekking, oppvask o.l. (ikkje matlaging) pr. time pr. pers:                               | 250,-                   |

Desse vedtektene med endringar er sist vedteke av styret for stiftinga den 12.03. 2018  
Vedtektene er godkjente av Vik sokneråd